

Korona testing - Ofte stilte spørsmål per 23/09/21:

Kva skal eg gjera viss eg har luftvegssymptom?

Du kan testa deg to gonger med 24 timars mellomrom. Viss begge prøvane er negative (berre 1 strek), kan du vera nokså sikker på at det ikkje er koronavirus.

Som eit alternativ kan du ta EIN PCR-test på legekantoret i Hjelmeland. Bestill time på helsenorge.no ("kontakt legekantoret") dersom du har fastlege der eller ring 51 75 71 00.

Kva gjer eg viss testen er positiv?

Viss det er to strekar (sjølv om den eine er svak), er det ein positiv test. Du bør då isolere deg, inkludert frå andre i husstanden og få bekrefte prøven med ein PCR-test på legekantoret. Bestill time så snart som mogleg på legekantoret. Då vil også smittevernlegen bli varsla og nokon frå kommunen vil kontakte deg for vidare råd.

Kan eg gå på jobb/skule viss eg har negativ test?

Viss du har symptomar på sjukdom som særst hoste, feber, verk i kroppen o.l. bør du halde deg heime for å unngå å smitte andre med viruset du har. Føler du deg frisk og du har lette restsymptomar kan du likevel gå på jobb, men hugs vanlege smittevernråd som å hoste i albogen og halde reine eller desinfiserte hender.

Kan eg testa i staden for å vera i karantene?

Ja, dersom du er i karantene, kan du ta daglege hurtigtestar på deg sjølv i 7 dagar i staden for å vera i karantene, men berre viss du ikkje fortsatt har kontakt med den som er isolert. Då kan du gå på jobb og skule.

Må eg gjera dette sjølv eller kan eg bestille time på legekantoret?

Du eller nokon andre i familien kan ta testen. Dersom du absolutt ikkje klarer det sjølv, kan me hjelpe på legekantoret med PCR-test eller hurtigtest. Sjå det første spørsmålet.

Desse råda kan endre seg fort. Sjekk heimesidene til www.hjelmeland.kommune.no eller finn oppdaterte svar på www.helsenorge.no

Lykke til!

Med venleg helsing

Hjelmeland legekantor og kommuneoverlege Bjarte Sørensen